

Journalnr
20152643Oppdragsnr
2015056

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	23	1	0	0	NORDHORDLAND INDREMISJON (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga			
Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	08.01.2016	09.30	Frammøte ved Elvavegen 1

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring

Frådeling av Elvaåsen bustadområde

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	16.11.2015		
Rekvirent			Rekvisisjonsdato
NORDHORDLAND INDREMISJON			30.09.2015

Habilitet

Landmålararen sitt namn

Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga				
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
	Søknad etter pbl			X
	Vedtak (tillatelse) etter pbl			X
	Rekvisisjon av oppmålingsforretning			X
	Varsel om oppmålingsforretning			X
	Situasjonskart og situasjonsplan			X
	Konsesjonsdokument			X
	Servitutt			X
	Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter			X
	Avtaler			X

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 16.11.2015 godkjent frådelling av omlag 48 da frå gnr 23 bnr 1, administrativt vedtak saknr: 407/2015. Parsellen er planlagt å nytta til formål i samsvar med godkjent detaljregulering for Elvaåsen.

Oppmålingsforretning vart halde 08.01.2016. Ved forretninga møtte Asle Hetlebakke for 23/1 og Bjørn Steffen Thorsen for 23/3 og 23/80. Han hadde også med fullmakt frå Siw Nordgaard Thorsen (23/80). Knut Henrik Børhaug møtte for 23/86/1. I tillegg til dei framtmøtte var også eigar av 23/86/2, 23/522/1, 23/522/2, 23/522/3, 23/522/4, 23/520, 23/493, 23/494, 23/504, 23/26, 23/503, 23/451, 23/526, 23/92, 23/468, 23/99, 23/460, 23/492, 23/459, 23/498, 23/100 og 23/110 varsla, men møtte ikkje.

I forkant av forretninga var yttergrensene stukke ut. På forretningsmøtet vart desse grensene påvist. Det var semje om at grensa mot kommunevegen går i ytterkant på etablert fortau.

I AUST grensar den nye parsellen til 23/1, 23/451, 23/26, 23/503, 23/504, 23/493, 23/494, 23/80, 23/520 og 23/3. Det er berre grensa mellom 23/1 og 23/80 som ikkje er merka og oppmålt tidlegare. Her vart det sett ned fem nye grensemerker (grensepunkt 2380-1, 2380-2, 2380-3, 2380-4 og 2380-5). Det vart opplyst om at hageplantar langs veggen frå 23/503 sitt nordvestre hjørne og heilt til grensa mot 23/80 står delvis inn på den nye parsellen.

I SØR grensar den nye parsellen til 23/1. På denne grensestrekninga vart det sett ned sju nye grensemerker (grensepunkt 567-1, 567-2, 567-3, 567-4, 567-5, 567-6 og 567-7).

I VEST grensar parsellen til 23/1, til Mjåtveitelva og til 23/110. Parsellen grensar til sjø i grensepunkt 567-8, men eig ikkje ut i sjøen. Parsellen eig heller ikkje ut i Mjåtveitelva.

I NORD grensar parsellen til 23/110, 23/1, 23/498, 23/459, 23/492, 23/460, 23/1, 23/99, 23/1, 23/468, 23/92 og mot kommunevegen. Det vart påpeikt under forretninga at grensa for 23/492 mot den nye parsellen kjem litt inn i garasjen som er oppført på 23/492. Asle Hetlebakke opplyste at eigar av 23/1 var viljug til å avstå nokre kvadratmeter for at heile garasjen skal verta liggjande på 23/492. Dette føreset semje mellom eigar av 23/1 og eigar av 23/492 om oppgjer for det justerte arealet. Hetlebakke opplyste også om at eigar av 23/1 har inngått ein leigeavtale med oppsitjarane i Elvavegen om ny leikeplass mellom 23/99 og 23/460. Kommunen har i sak 14/3576 gitt løyve til utfylling og opparbeiding av felles leikeplass. Hetlebakke ønskte at leikeplassen vart ståande att på 23/1 og ikkje vart ein del av den nye parsellen. Styrar har avklart med planavdelinga i kommunen 18.01.16 at dette er i orden.

INNAFOR desse yttergrensene ligg 23/86 og 23/522 som ei "øy" som også grensar til den nye parsellen. Grensene vart påvist. Det vart konstatert at oppført "snuhammar" står inne på 23/1. Vidare vart det konstatert at oppført gjerde på 23/522 i sør ikkje står i eigedomsgrensa. I sørvest står gjerde i grensa, men har feil retning mot aust. Grensemerket i sørvest er blitt flytta omlag 20 cm i samband med sprengning. Kommunen har konstatert at "knekken" i gjerdet står opptil 2,70m utanfor grensa til 23/522.

Asle Hetlebakke og Knut Henrik Børhaug opplyste om at det var inngått ein avtale mellom 23/1 og 23/86 om bruk av areal på austsida av 23/86 si grenseline. Børhaug har også søkt om oppføring av garasje på dette arealet. Dei ønskte at det aktuelle "leigearealet" vart justert inn på 23/86 dersom dette var mogleg. Styrar har undersøkt med planavdelinga om dette er mogleg å gjera i denne omgang. Planansvarleg Anne-Lise Næs Olsen har opplyst at dette ikkje let seg gjera sidan det er ulikt planføremål, og at det då først må gjerast ei planendring. Utifrå tidsperspektivet ei slik planendring vil ta, kan vi difor ikkje endra på denne grensa i denne omgang.

Kommunen har målt inn alle dei nye grensemerka. I tillegg er dei gamle grensepunkta stukke ut og kontrollert. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Den nye parsellen har fått gnr 23 bnr 567 og arealet utgjer 43 635 m². Gebyr etter matrikkellova vert sendt eigar av 23/1.

Vi ber om at eigar av 23/1 og eigarar av 23/459 godkjenner grensejusteringa av 10 m² mellom dei to eigedomane med underskrift på protokollen og returnerar eit eksemplar hertil.

Når kommunen får tilbake meldinga frå tinglysinga om at parsellen er oppretta i grunnboka, vil vi skriva ut nytt matrikkelbrev som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 23/1 og eigarar av 23/459 godkjenner med dette grensejusteringa mellom dei to eigedomane.

Eigar av 23/1

Eigarar av 23/459

Sted

Dato

Underskrift

Frekhaug

22.01.2016

Talset

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmeldokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			